**UNIVERSITETET I BERGEN**
Det matematisk-naturvitskaplege fakultet

Arkivkode:

Saksnr.: 2013/3210 - MALRØ

Orienteringssak: **b**

Møte: 12. desember 2013

# Rekneskapsrapport pr. november 2013

## 1 Hovudtal

MN-fakultetet har eit kostnadsbudsjett på totalt 912 millionar kroner i 2013. 63,9 % av denne aktiviteten skal finansierast frå grunnbevilgninga, medan 36,1 % er bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet (21,9 % forskingsrådet, 11,0 % annan bidragsaktivitet, 2,9 % EU og 0,3 % oppdragsaktivitet).

**Figur 1 Årsbudsjett pr. finansieringskjelde**




**Figur 2 Aktivitet (kostnadar) pr. november**




Figur 2 viser korleis aktiviteten (kostnadane) fordeler seg mellom dei ulike finansieringskjeldene pr. november 2013. 66,2 % av aktiviteten er finansiert av grunnbevilgninga, 18,4 % er finansiert av forskingsrådet, 12,4 % av andre bidragsytarar, 2,6 % av EU og 0,4 % av oppdragsgivarar.

## 2 Grunnbevilgning (GB)

Grunnbevilgninga er den aktiviteten som er finansiert av departementet sitt statstilskot, òg kalla statsoppdraget. Grunnbevilgninga er delt i annuumsmidlar som kan disponerast fritt og midlar til øyremerka tiltak som er tildelt spesielle føremål (t.d. universitetsstipendiatar og utstyr). I tillegg vert inntekter som ikkje gjeld bidrags- og oppdragsforsking (som leigeinntekter, refusjonar og liknande) ført her.

Grunnbevilgninga vert i denne rapporten delt i motpart 00 og motpart 81, og synleggjort i to tabellar;

- På motpart 00 vert dei ordinære driftsinntektene og driftskostnadane til fakultetet rekneskapsført.
- På motpart 81 vert avskrivingane ved fakultetet rekneskapsført. Her kan vi følgje med på om fakultetet investerer tilstrekkeleg til å oppretthalde verdien av fakultetet sin utstyrspark. Dersom avskrivingane er høgare enn investeringane kan det vere nødvendig å setje i verk tiltak for å oppretthalde verdien på utstyrsparken. Føringane på motpart 81 får ikkje realøkonomiske konsekvensar, dvs. dei påverkar ikkje fakultetet sitt driftsresultat.

**Tabell 1 Grunnbevilgning, motpart 00**

| Grunnbevilgning | Prognose 2013 | Årsbudsjett 2013 | Budsjett pr november 2013 | Rekneskap pr november 2013 | Avvik pr november 2013 | Avvik % | Rekneskap pr november 2012 | Endring frå november 2012 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Inntekter frå KD | | -558 341 000 | -505 543 300 | -503 983 543 | -1 559 757 | -0,3 % | -467 476 611 | 7,8 % |
| Andre inntekter | | -14 000 000 | -6 610 800 | -12 454 499 | 5 843 699 | 88,4 % | -11 620 696 | 7,2 % |
| **Inntekter** | | **-572 341 000** | **-512 154 100** | **-516 438 042** | **4 283 942** | **0,8 %** | **-479 097 307** | **7,8 %** |
| | | | | | | | | |
| Investeringar | | 15 540 600 | 5 933 000 | 9 339 256 | -3 406 256 | -57,4 % | 9 495 080 | -1,6 % |
| Lønskostnadar | | 411 194 700 | 372 378 600 | 377 572 414 | -5 193 814 | -1,4 % | 351 237 175 | 7,5 % |
| Andre driftskostnadar | | 116 824 700 | 91 346 900 | 70 024 940 | 21 321 960 | 23,3 % | 68 111 709 | 2,8 % |
| Internhandel med meir | | 39 532 000 | 48 985 500 | 52 050 071 | -3 064 571 | -6,3 % | 24 306 035 | 114,1 % |
| **Kostnadar** | | **583 092 000** | **518 644 000** | **508 986 680** | **9 657 320** | **1,9 %** | **453 149 998** | **12,3 %** |
| | | | | | | | | |
| **Driftsresultat** | | **10 751 000** | **6 489 900** | **-7 451 361** | **13 941 261** | | **-25 947 308** | |
| | | | | | | | | |
| Saldo overført frå forrige år | | -21 751 000 | -21 751 000 | -21 749 130 | -1 870 | | -19 108 271 | |
| Saldo overført til neste periode | 22 000 000 | 11 000 000 | 15 261 100 | 29 200 491 | -13 939 391 | | 45 055 579 | |
| | | | | | | | | |
| **Sum total** | | **0** | **0** | **0** | **0** | | **0** | |

## Detaljar rundt grunnbevilgninga, motpart 00

### Inntektsavvik: kr 4 283 942 (0,8 %)

På inntektene frå Kunnskapsdepartementet (KD) er det totalt eit negativt avvik på ca. 1,6 millionar kroner. Dette skuldast eit negativt avvik på i overkant av 2,3 millionar kroner på stipendiatprosjektet (720006) som følgje av at fakultetet i 2013 har hatt lediggang i stipendiatstillingar. Fakultetet har i løpet av 2013 overoppfylt tal tilsette postdoktorar, og har difor eit positivt avvik på nesten 0,8 millionar kroner på postdoktorprosjektet (720020). Dette avviket vil gå i balanse ved årsslutt.

På andre instituttinntekter er det eit positivt avvik på ca. 5,8 millionar kroner, som i stor grad skuldast eit positivt avvik på ca. 3,5 millionar kroner i lisensinntekter frå Bergen teknologioverføring (BTO) ved Institutt for biologi. Vidare er det positivt avvik på ca. 1,2 millionar kroner på inntekter til etter- og vidareutdanning. Resten av avviket, på i overkant av 1,1 millionar kroner, fordeler seg mellom institutta, der nokon institutt har negative avvik, medan dei fleste har positive avvik.

### Kostnadsavvik: kr 9 657 320 (1,9 %)

Totalt er det eit kostnadsavvik på ca. 9,7 millionar kroner.

På andre driftskostnadar er det eit positivt avvik på ca. 21,3 millionar kroner, i stor grad på grunn av at andre driftskostnader på Senter for klimadynamikk (SKD) har vore ca. 19,6 millionar kroner lågare enn budsjettert. Hovuddelen av avviket skuldast forseinka aktivitet, særs ved tilsetjingar, og ein større del av budsjettet til SKD burde vore på løn.

Elles ser vi det er lågare driftskostnadar enn budsjettert ved fleire av institutta, men òg høgare driftskostnadar ved nokre av avdelingane.

Det samla kostnadsavviket vert redusert grunna negative avvik på investeringar, lønskostnadar og internhandel. Det negative avviket på løn skuldast hovusakeleg ca. 3,3 millionar kroner høgare lønsutgifter enn budsjettert på SKD (budsjettet på løn er som sagt for lågt), samt at det på Institutt for fysikk og teknologi er ført ein del lønskostnadar midlertidig (ca. 2 millionar kroner, som skal omposterast til SFFen Birkelandsenteret).

Det er også verdt å merke seg at kostnadane på variable lønsartar, som vikarar, ekstrahjelp, sensur, bedømming, honorar og anna godtgjersle, er høgare enn budsjettert. Det er mellom anna utbetalt godtgjersle på 1,7 millionar kroner i samband med lisensinntekter frå BTO, jf. inntektsavvik.

Avviket på investeringar skuldast periodeavvik, medan avviket på internhandel må sjåast i samanheng med positivt avvik på SKD på andre driftskostnadar.

I høve til same periode i fjor har dei totale kostnadane auka med 12,3 %, medan lønskostnadane har auka med 7,5 %.

Som det går fram av tabell 1 har fakultetet ein prognose for overføring til 2014 på 22 millionar kroner. Prognosen er oppjustert frå 18 millionar kroner til 22 millionar kroner i november, etter tilbakemeldingar frå institutta og gjennomgang av rekneskapen.

Inntektene til Senter for klimadynamikk vert stilt til disposisjon på ein sentral stadkode (191000), samtidig som alle detaljane i SKD sitt rekneskap vert ført på ein stadkode som ligg under fakultetet (129000). Kvar tertial vert kostnadane som er ført under fakultetet overført til den sentrale stadkoden, slik at evt. over- eller underforbruk ikkje vert synleg i fakultetet sitt rekneskap. Det vil seie at det ved SKD er avvik mellom dei ulike kostnadsartane, men det påverkar ikkje det totale avviket til fakultetet. Prognose for overføring til 2014 ved SKD vert difor ikkje synleg ved fakultetet, men på den sentrale stadkoden.

Senter for klimadynamikk (stad 191000) har budsjettert med ei overføring til 2014 på ca. 10 millionar kroner. Grunna mellom anna forseinka tilsetjingar ventar senteret eit underforbruk som vil auke overføringa ytterlegare, til ca. 19,5 millionar kroner.

## 2.1 Avskrivingar og investeringar (motpart 81)

Avskrivingane er det rekneskapsmessige verdifallet på UiB sine eigedelar. Over tid bør UiB som eit minimum oppretthalde verdien på utstyrsparken.

**Tabell 2 Avskrivingar og investeringar, motpart 81**

| Grunnbevilgning, motpart 81 | Årsbudsjett 2013 | Budsjett pr november 2013 | Rekneskap pr november 2013 | Avvik pr november 2013 | Avvik % | Rekneskap pr november 2012 | Endring frå november 2012 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Inntekt satt av for årets investeringar | 33 077 300 | 13 969 700 | 11 317 108 | 2 652 592 | 19,0 % | 43 403 936 | -73,9 % |
| Inntekt for årets avskrivingar | -40 077 300 | -35 928 000 | -36 221 009 | 293 009 | 0,8 % | -36 477 727 | -0,7 % |
| **Inntekter motpart 81** | **-7 000 000** | **-21 958 300** | **-24 903 901** | **2 945 601** | **13,4 %** | **6 926 209** | **-459,6 %** |
| | | | | | | | |
| Investeringar, varekostnadar | -15 540 600 | -5 933 000 | -9 251 461 | 3 318 461 | 55,9 % | -9 573 215 | -3,4 % |
| Avskrivingar | 40 077 300 | 35 928 000 | 36 221 009 | -293 009 | -0,8 % | 36 477 727 | -0,7 % |
| Investeringar ved BOA, overført til GB | -17 536 700 | -8 036 700 | -2 065 647 | -5 971 053 | -74,3 % | -33 830 720 | -93,9 % |
| **Kostnadar motpart 81** | **7 000 000** | **21 958 300** | **24 903 901** | **-2 945 601** | **-13,4 %** | **-6 926 209** | **-459,6 %** |
| | | | | | | | |
| **Resultat** | **0** | **0** | **0** | **0** | | **0** | |

Føringar på motpart 81 viser fakultetet sine totale investeringar og avskrivingar. For at fakultetet skal kunne oppretthalde verdien på utstyrsparken må investeringane vere på same nivå som, eller høgare enn, avskrivingane.

I tabell 2 ser ein at investeringane pr. november 2013 har vore ca. 11,3 million kroner, medan avskrivingane har vore ca. 36,2 millionar kroner. Til samanlikning var investeringane på same tid i fjor på ca. 43,4 millionar kroner, grunna innkjøp av tungreknemaskin.

# 3 Bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet (BOA)

I tillegg til inntekter frå grunnbevilgninga utgjer inntekter frå eksterne bidrags- og oppdragsytarar ein viktig del av fakultetet si samla omsetning. Denne verksemda er delt i aktivitetar finansiert av Noregs forskingsråd, EU, andre og oppdrag.

**Figur 3 BOA per november etter finansieringskjelde for perioden 2008 - 2013**




Figur 3 viser utviklinga i bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet per november for perioden 2008-2013. Som ein ser av figuren, har fakultetet hatt auke i samla eksternfinansiert verksemd per november kvart år i perioden 2008-2012, med unntak av ein nedgang frå 2010 til 2011, før aktiviteten auka tydeleg frå 2011 til 2012. Per november 2013 er aktiviteten tydeleg lågare enn per november 2012, og vi må heilt tilbake til 2009 for å finne lågare samla bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet per november enn i inneverande år. Aktiviteten per november 2013 er likevel berre ca. 2 millionar kroner lågare enn per november 2011. Fakultetet har, per november, hatt nedgang frå 2012, både i aktiviteten samla sett og innafor dei ulike finansieringskjeldene, med unntak av oppdragsaktivitet. Nedgangen frå 2012 til 2013 skuldast hovudsakeleg nedgang i NFR-bidragsaktivitet. Størst har nedgangen vore ved Institutt for informatikk på grunn av innkjøp av tungreknemaskin i 2012, og ved SKD (1. års tildeling kom via NFR, og deretter direkte frå KD). Det er òg tydeleg nedgang ved Geofysisk institutt og Kjemisk institutt, grunna avslutning av SFFane Bjerknessenteret og CIPR. Nedgangen i andre bidrag er størst ved Institutt for biologi, medan nedgangen i EU-bidragsaktivitet er størst ved Institutt for geovitenskap og Institutt for biologi.

**Figur 4 BOA pr institutt etter finansieringskjelde per november 2013**




Figur 4 viser bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet per november 2013 fordelt per institutt. Som figuren viser har det per november samla sett vore størst eksternfinansiert aktivitet på Institutt for geovitenskap. NFR-bidragsaktivitet og oppdragsaktivitet har vore størst ved Institutt for biologi, annen bidragsaktivitet har vore klart størst ved Institutt for geovitenskap og EU-bidragsaktivitet har vore størst ved Geofysisk institutt.

# 3.1 Noregs forskingsråd

Denne aktiviteten omfattar prosjekt som er finansiert av Noregs forskingsråd, og der aktiviteten føregår ved Universitetet i Bergen. Den omfattar ikkje aktivitet som føregår ved andre institusjonar (t.d. Universitetet i Oslo eller UNI Research AS).

**Tabell 3 Aktivitet finansiert av Noregs forskingsråd**

| BOA<br>Noregs forskingsråd | Inntektsprognose<br>2013 | Årsbudsjett<br>2013 | Budsjett pr<br>november 2013 | Rekneskap pr<br>november 2013 | Avvik pr<br>november 2013 | Avvik % | Rekneskap pr<br>november 2012 | Endring frå<br>november 2012 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Diverse bidragsinntekter | | -200 000 000 | -155 490 500 | -141 516 600 | -13 973 900 | -9,0 % | -154 313 610 | -8,3 % |
| **Inntekter** | **-170 000 000** | **-200 000 000** | **-155 490 500** | **-141 516 600** | **-13 973 900** | **-9,0 %** | **-154 313 610** | **-8,3 %** |
| | | | | | | | | |
| Investeringar | | 0 | 0 | 0 | 0 | | 33 100 | |
| Lønskostnadar | | 68 173 300 | 61 753 800 | 67 007 275 | -5 253 475 | -8,5 % | 69 086 089 | -3,0 % |
| Andre driftskostnadar | | 80 155 600 | 52 925 200 | 43 471 890 | 9 453 311 | 17,9 % | 52 325 551 | -16,9 % |
| Internhandel med meir | | 51 671 100 | 40 811 500 | 31 037 435 | 9 774 065 | 23,9 % | 73 209 176 | -57,6 % |
| **Kostnadar** | | **200 000 000** | **155 490 500** | **141 516 600** | **13 973 900** | **9,0 %** | **194 653 916** | **-27,3 %** |
| | | | | | | | | |
| **Driftsresultat** | | **0** | **0** | **0** | **0** | | **40 340 306** | |
| | | | | | | | | |
| Saldo NFR overført frå forrige år | | | | | | | -30 868 376 | |
| Saldo NFR overført til neste periode | | | | | | | -9 471 929 | |
| | | | | | | | | |
| **Sum total** | | **0** | **0** | **0** | **0** | | **0** | |

<u>Detaljar rundt aktivitet finansiert av Noregs forskingsråd</u>

Frå 2013 er det nye reglar for rekneskapsføring av midlar frå Norges forskingsråd. Medan inntektene tidlegare var lik innbetalingar frå forskingsrådet, skal rekneskapsførte inntekter frå 2013 vere lik aktivitet. Inntektene frå forskingsrådet vert då rekneskapsført på same måte som EU, andre bidrag og oppdrag, dvs. tildelingane vert inntektsført først når aktiviteten skjer, og det vil difor vere ei tidsforskyving mellom tildeling og inntekt.

Innbetalingane frå forskingsrådet har per november vore ca. 133,5 millionar kroner.

Det har vore noko lågare aktivitet enn planlagt pr. november ved forskingsrådsfinansiert verksemd. Det er særs ved Geofysisk institutt (ca. 11,5 millionar kroner), men også ved Institutt for biologi og Institutt for geovitenskap, at aktiviteten har vore tydeleg lågare enn budsjettert. Det negative avviket ved Geofysisk institutt skuldast hovudsakeleg underforbruk på prosjektet OBLO (stort utstyrsprosjekt), men også på andre store prosjekt. Ved Institutt for informatikk har aktiviteten vore tydeleg høgare enn budsjettert, ca. 4,5 millionar kroner. Aktiviteten per november har vore ein del lågare enn same periode i fjor, mykje på grunn av forskingsrådsaktivitet pr. november 2012 inneheld investering i ny tungreknemaskin, samt aktivitet frå Senter for klimadynamikk, CIPR og Bjerknessenteret.

Fakultetet nedjusterte i september prognosen for forskingsrådsaktivitet i 2013 til 170 millionar kroner. Dette er lågare enn budsjett og lågare enn aktiviteten frå 2012. Noko av årsaka til aktivitetsreduksjonen er avslutninga av SFFane CIPR og Bjerknessenteret, men òg at fleire av institutta har meldt om få nye tilslag på forskingsrådsprosjekt.

Prosjekta som vart innvilga i samband med fellesløftet i 2012 og Institutt for fysikk og teknologi sin nye SFF innan romfysikk gjer likevel at aktiviteten ikkje fell endå meir tilbake.

# 3.2 EU

Omfattar prosjekt som er finansiert av EU.

**Tabell 4 Aktivitet som er finansiert av EU**

| BOA<br>EU | Inntektsprognose 2013 | Årsbudsjett 2013 | Budsjett pr november 2013 | Rekneskap pr november 2013 | Avvik pr november 2013 | Avvik % | Rekneskap pr november 2012 | Endring frå november 2012 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Diverse bidragsinntekter | | -26 000 000 | -23 027 800 | -19 707 024 | -3 320 776 | -14,4 % | -21 122 436 | -6,7 % |
| **Inntekter** | **-23 000 000** | **-26 000 000** | **-23 027 800** | **-19 707 024** | **-3 320 776** | **-14,4 %** | **-21 122 436** | **-6,7 %** |
| | | | | | | | | |
| Investeringar | | | | | 0 | | 11 781 | |
| Lønskostnadar | | 12 422 300 | 11 360 700 | 10 736 430 | 624 270 | 5,5 % | 11 108 755 | -3,4 % |
| Andre driftskostnadar | | 7 424 700 | 6 045 800 | 3 150 840 | 2 894 960 | 47,9 % | 4 220 180 | -25,3 % |
| Internhandel med meir | | 6 153 000 | 5 621 300 | 5 819 754 | -198 454 | -3,5 % | 5 781 721 | 0,7 % |
| **Kostnadar** | | **26 000 000** | **23 027 800** | **19 707 024** | **3 320 776** | **14,4 %** | **21 122 436** | **-6,7 %** |
| | | | | | | | | |
| **Driftsresultat** | | **0** | **0** | **0** | **0** | | **0** | |

<u>Detaljar rundt aktivitet finansiert av EU</u>

EU-aktiviteten pr. november har vore ca. 3,3 millionar kroner lågare enn budsjettert, og aktiviteten er totalt 6,7 % lågare enn på same tid i fjor. At aktiviteten har vore lågare enn budsjettert, skuldast at samtlege institutt, med unntak av Molekylærbiologisk institutt, har hatt lågare aktivitet enn budsjettert. Særs ved Institutt for geovitenskap er det lågare aktivitet enn budsjettert, mykje på grunn av forseinka oppstart på GLANAM-prosjektet og tilbakeføring av leiekostnader på prosjektet ECO2.

Frå 2011 til 2012 vart innbetalingane frå EU kraftig redusert, men pr. november 2013 ser vi at innbetaling igjen er auka. Pr. november har vi fått innbetalingar frå EU på ca. 37,1 millionar kroner, som er høgare enn innbetalingane for heile 2011 og ca. 15,7 millionar kroner høgare enn budsjetterte innbetalingar i 2013.

Fakultetet sin prognose for EU-aktivitet vart i september, etter tilbakemeldingar frå institutta, nedjustert til 23 millionar kroner.

# 3.3 Annan bidragsaktivitet

Alle eksterne bidragsprosjekt som ikkje er finansiert av Noregs forskingsråd eller EU.

**Tabell 5 Annan bidragsaktivitet**

| BOA<br>Andre bidrag | Inntektsprognose 2013 | Årsbudsjett 2013 | Budsjett pr november 2013 | Rekneskap pr november 2013 | Avvik pr november 2013 | Avvik % | Rekneskap pr november 2012 | Endring frå november 2012 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Diverse bidragsinntekter | | -100 000 000 | -106 619 800 | -95 193 786 | -11 426 014 | -10,7 % | -96 680 187 | -1,5 % |
| **Inntekter** | **-110 000 000** | **-100 000 000** | **-106 619 800** | **-95 193 786** | **-11 426 014** | **-10,7 %** | **-96 680 187** | **-1,5 %** |
| | | | | | | | | |
| Investeringar | | 0 | 0 | 11 125 | -11 125 | | 92 619 | -88,0 % |
| Lønskostnadar | | 34 131 700 | 30 956 400 | 33 667 283 | -2 710 883 | -8,8 % | 31 587 971 | 6,6 % |
| Andre driftskostnadar | | 53 960 900 | 63 329 700 | 46 644 361 | 16 685 339 | 26,3 % | 48 734 803 | -4,3 % |
| Internhandel med meir | | 11 907 400 | 12 333 700 | 14 871 017 | -2 537 317 | -20,6 % | 16 264 793 | -8,6 % |
| **Kostnadar** | | **100 000 000** | **106 619 800** | **95 193 786** | **11 426 014** | **10,7 %** | **96 680 187** | **-1,5 %** |
| | | | | | | | | |
| **Driftsresultat** | | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** | |

<u>Detaljar rundt annan bidragsaktivitet</u>

Annan bidragsaktivitet pr. november har vore ca. 11,4 millionar kroner lågare enn budsjettert, hovudsakleg på grunn av lågare aktivitet ved Institutt for fysikk og teknologi (ca. 7,8 millionar kroner) og Institutt for geovitenskap (ca. 6,8 millionar kroner). Avviket ved Institutt for fysikk og teknologi skuldast lågare aktivitet enn budsjettert på ASIM-prosjektet, medan avviket på Institutt for geovitenskap skuldast utsetjingar av feltarbeid og innkjøp av utstyr. Ved Institutt for informatikk er det derimot ein høgare aktivitet enn budsjettert, mellom anna på grunn av høgare aktivitet på prosjektet «Fjernundervisning i JAVA» (ca. 0,6 millionar kroner).

Pr. november har vi fått tilskot og gåver frå andre bidragsytarar på ca. 115,4 millionar kroner.

I høve til same periode i fjor er annan bidragsaktivitet redusert med 1,5 %.

Fakultetet har eit budsjett på 100 millionar kroner innan annan bidragsaktivitet. Tilbakemeldingane frå institutta tilseier at aktiviteten truleg vert høgare enn budsjettet. Fakultetet sin prognose for annan bidragsaktivitet er 110 millionar kroner.

## 3.4 Oppdragsaktivitet

**Tabell 6 Oppdragsaktivitet**

| BOA Oppdragsprosjekt | Inntektsprognose 2013 | Årsbudsjett 2013 | Budsjett pr november 2013 | Rekneskap pr november 2013 | Avvik pr november 2013 | Avvik % | Rekneskap pr november 2012 | Endring frå november 2012 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Oppdragsinntekter | | -3 000 000 | -5 736 700 | -3 373 489 | -2 363 211 | -41,2 % | -2 650 443 | 27,3 % |
| **Inntekter** | **-7 000 000** | **-3 000 000** | **-5 736 700** | **-3 373 489** | **-2 363 211** | **-41,2 %** | **-2 650 443** | **27,3 %** |
| | | | | | | | | |
| Investeringar | | 0 | 0 | 0 | 0 | | 0 | |
| Lønskostnadar | | 841 300 | 790 300 | 1 135 326 | -345 026 | -43,7 % | 770 522 | 47,3 % |
| Andre driftskostnadar | | 1 121 700 | 3 930 400 | 1 272 356 | 2 658 044 | 67,6 % | 1 522 212 | -16,4 % |
| Internhandel med meir | | 1 037 000 | 1 016 000 | 965 807 | 50 193 | 4,9 % | 357 709 | 170,0 % |
| **Kostnadar** | | **3 000 000** | **5 736 700** | **3 373 489** | **2 363 211** | **41,2 %** | **2 650 443** | **27,3 %** |
| | | | | | | | | |
| **Driftsresultat** | | **0** | **0** | **0** | **0** | | **0** | |

<u>Detaljar rundt oppdragsaktiviteten</u>
Oppdragsaktiviteten ved fakultetet er låg, og pr. november har det vore oppdragsaktivitet på ca. 3,4 millionar kroner. Dette er ca. 2,4 millionar lågare enn budsjettert. Det er lågare aktivitet enn budsjettert på Institutt for biologi (ca. 1,5 millionar kroner), Geofysisk institutt og Institutt for fysikk og teknologi. Avviket på Institutt for biologi finn vi hovudsakleg på Lakselussenteret.

Pr. november har vi fått innbetalt ca. 4 millionar kroner frå ulike oppdragsgivarar.

Prognose for oppdragsaktivitet er høgare enn budsjett og tidlegare års oppdragsaktivitet, då deler av Lakselussenteret, som er et senter for forskingsdrevet innovasjon (SFI), på Institutt for biologi vert rekneskapsført som oppdragsaktivitet. Det er industrifinansieringa som vert kategorisert som oppdrag. Prognosen vart i september nedjustert frå 8 til 7 millionar kroner.

# 4 Kommentar frå fakultetsdirektøren

Prognose for overføring til 2014 er per november oppjustert frå 18 millionar kroner til 22 millionar kroner. Frå 2012 overførte vi 21,7 millionar kroner, og fakultetet vil då ha eit driftsoverskot for 2013 på 0,3 millionar kroner.

Store delar av overføringane er på institutta og skuldast mellom anna eigenandelar til eksterne prosjekt, investeringar og likestillingsmidlar. Vidare har fakultetet, i samband med resultatnedgangen vi veit kjem i 2014-budsjettet, gått gjennom alle fellespostane på fakultetsnivå, og vurdert alle postar der ein kan gjere innsparingar allereie i 2013. For å kunne møte resultatnedgangen i 2014 på best mogleg måte er vi avhengig av å kunne få overføre alle midlar som vi klarar å spare inn i 2013.

Fakultetsleiinga har i fleire år hatt fokus på utfordringa med at lediggang i stipendiat- og postdoktorstillingar fører til reduksjon i inntektene frå departementet. I 2012 vart det sett i verk tiltak mellom anna ved å tildele fleire stipendiatar til institutta enn fakultetet får tildelt frå UiB. Sjølv om fakultetet framleis har noko reduksjon i inntektene grunna lediggang i stipendiatstillingar, ser ein at fakultetet si «overbooking» av stipendiatstillingar i 2012 og 2013 har hatt ein positiv effekt. Per november har fakultetet ingen lediggang i stipendiatstillingar, og det negative avviket på prosjektet er tydeleg lågare enn på same tid i fjor. Fleire stipendiatar vil i nær framtid vere ferdig med sine stipendperiodar, og det er derfor likevel viktig å halde fram arbeidet med å sikre at lediggang mellom stipendperiodar vert kortast mogeleg. På postdoktorprosjektet har vi, så langt i 2013, ingen lediggang.

Budsjett for bidrags- og oppdragsaktivitet er 329 millionar kroner i 2013. Fakultetet har frå starten av året meldt at vi ventar lågare forskingsrådsaktivitet og EU-aktivitet, medan vi har venta høgare aktivitet frå annan bidragsaktivitet og oppdragsaktivitet. Tilbakemeldingar frå institutta etter september-rapporteringa gjorde at vi nedjusterte den samla BOA-prognosen til 310 millionar kroner. Som vi har sett gjennom heile året, er BOA-andelen av fakultetet sin finansiering framleis redusert samanlikna med same periode i fjor. Etter auke i samla bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet per november for dei fleste år i perioden 2008-2012, ser vi no at aktiviteten for fakultetet sett under eitt er redusert, både samla sett og innanfor dei fleste finansieringskjeldene. Spesielt NFR-bidragsaktiviteten er tydeleg redusert per november.

Ettersom reduksjonen i BOA ikkje er i tråd med fakultetet sin strategi, krevjast det tiltak for å igjen auke omfanget av eksternfinansierte prosjekt.

Bergen, 10.12.2013

Bjørn Åge Tømmerås
Fakultetsdirektør

Vedlegg: Budsjett og rekneskap pr. november 2013 pr. institutt

# Grunnbevilgning, budsjett og rekneskap pr. november 2013

| Ansvarsstad | Artsklasse | Årsbudsjett 2013 | Budsjett per november | Rekneskap per november | Avvik per november |
|---|---|---|---|---|---|
| **MN-felles** | 3 inntekter | -53 675 600 | -58 581 900 | -72 524 512 | 13 942 612 |
| | 4 varek. | -8 350 000 | 0 | 0 | 0 |
| | 5 lønn | 6 725 300 | 6 015 400 | 5 907 985 | 107 415 |
| | 6-7 adk. | 22 065 100 | 18 261 600 | 24 695 533 | -6 433 933 |
| | 8-9 annet | 27 453 500 | 29 782 400 | 30 867 406 | -1 085 006 |
| | 890 overf. | 5 781 700 | 10 042 800 | 23 984 061 | -13 941 261 |
| **Totalt MN-felles** | | **0** | **5 520 300** | **12 930 473** | **-7 410 173** |
| **Fakultetsadministrasjon** | 3 inntekter | -19 180 700 | -17 268 000 | -17 244 680 | -23 320 |
| | 4 varek. | 0 | 0 | 0 | 0 |
| | 5 lønn | 15 696 000 | 14 241 000 | 14 371 441 | -130 441 |
| | 6-7 adk. | 1 714 900 | 1 420 800 | 2 372 839 | -952 039 |
| | 8-9 annet | 1 769 800 | 1 646 300 | 1 894 821 | -248 521 |
| **Totalt Fakultetsadministrasjon** | | **0** | **40 100** | **1 394 421** | **-1 354 321** |
| **Matematisk institutt** | 3 inntekter | -50 303 800 | -45 583 700 | -45 607 360 | 23 660 |
| | 4 varek. | 250 000 | 0 | 0 | 0 |
| | 5 lønn | 38 145 800 | 34 247 600 | 34 403 401 | -155 801 |
| | 6-7 adk. | 8 534 200 | 7 719 900 | 8 008 636 | -288 736 |
| | 8-9 annet | 3 374 800 | 3 182 700 | 2 770 246 | 412 454 |
| | 890 overf. | -1 000 | -1 000 | -1 000 | 0 |
| **Totalt Matematisk institutt** | | **0** | **-434 500** | **-426 077** | **-8 423** |
| **Institutt for informatikk** | 3 inntekter | -58 341 600 | -53 581 400 | -51 174 937 | -2 406 463 |
| | 4 varek. | 300 000 | 0 | 0 | 0 |
| | 5 lønn | 40 849 700 | 36 590 700 | 38 034 834 | -1 444 134 |
| | 6-7 adk. | 19 630 100 | 11 991 900 | 10 344 704 | 1 647 196 |
| | 8-9 annet | 3 731 700 | 3 795 000 | 1 203 693 | 2 591 307 |
| | 890 overf. | -6 169 900 | -6 169 900 | -6 169 900 | 0 |
| **Totalt Institutt for informatikk** | | **0** | **-7 373 700** | **-7 761 606** | **387 907** |
| **Institutt for fysikk og teknologi** | 3 inntekter | -67 241 100 | -60 115 600 | -59 733 880 | -381 720 |
| | 4 varek. | 950 000 | 0 | 0 | 0 |
| | 5 lønn | 48 322 500 | 44 109 800 | 47 050 698 | -2 940 898 |
| | 6-7 adk. | 12 089 000 | 11 054 800 | 8 113 331 | 2 941 469 |
| | 8-9 annet | 5 988 400 | 3 774 200 | 5 856 834 | -2 082 634 |
| | 890 overf. | -108 800 | -108 800 | -108 800 | 0 |
| **Totalt Institutt for fysikk og teknologi** | | **0** | **-1 285 600** | **1 178 183** | **-2 463 783** |
| **Kjemisk institutt** | 3 inntekter | -62 459 600 | -56 381 800 | -52 778 415 | -3 603 385 |
| | 4 varek. | 950 000 | 0 | 0 | 0 |
| | 5 lønn | 41 871 700 | 37 748 500 | 36 381 394 | 1 367 106 |
| | 6-7 adk. | 10 931 300 | 9 397 100 | 8 752 791 | 644 309 |
| | 8-9 annet | 9 441 100 | 8 838 000 | 9 026 764 | -188 764 |
| | 890 overf. | -734 500 | -734 500 | -734 500 | 0 |
| **Totalt Kjemisk institutt** | | **0** | **-1 132 700** | **648 034** | **-1 780 734** |
| **Molekylærbiologisk institutt** | 3 inntekter | -38 606 500 | -35 228 100 | -35 946 441 | 718 341 |
| | 4 varek. | 2 800 000 | 0 | 0 | 0 |
| | 5 lønn | 28 372 000 | 25 703 000 | 25 316 005 | 386 995 |
| | 6-7 adk. | 4 647 200 | 6 046 100 | 4 462 561 | 1 583 539 |
| | 8-9 annet | 2 560 000 | 3 898 000 | 4 278 432 | -380 432 |
| | 890 overf. | 227 300 | 227 300 | 227 300 | 0 |
| **Totalt Molekylærbiologisk institutt** | | **0** | **646 300** | **-1 662 143** | **2 308 443** |
| **Geofysisk institutt** | 3 inntekter | -38 022 500 | -34 741 700 | -33 894 410 | -847 290 |
| | 4 varek. | 800 000 | 0 | 0 | 0 |
| | 5 lønn | 30 605 000 | 27 676 000 | 27 037 290 | 638 710 |
| | 6-7 adk. | 14 486 300 | 6 672 700 | 4 838 745 | 1 833 955 |
| | 8-9 annet | -1 582 000 | -1 078 000 | -892 316 | -185 684 |
| | 890 overf. | -6 286 800 | -6 286 800 | -6 286 800 | 0 |
| **Totalt Geofysisk institutt** | | **0** | **-7 757 800** | **-9 197 490** | **1 439 690** |
| **Institutt for geovitenskap** | 3 inntekter | -75 046 600 | -68 572 200 | -68 024 207 | -547 993 |
| | 4 varek. | 1 400 000 | 0 | -11 125 | 11 125 |
| | 5 lønn | 60 000 000 | 54 764 000 | 55 165 153 | -401 153 |
| | 6-7 adk. | 12 952 100 | 11 014 700 | 10 384 759 | 629 941 |
| | 8-9 annet | 628 000 | 3 806 100 | 2 385 245 | 1 420 855 |
| | 890 overf. | 66 500 | 66 500 | 66 500 | 0 |
| **Totalt Institutt for geovitenskap** | | **0** | **1 079 100** | **-33 674** | **1 112 774** |
| **Institutt for biologi** | 3 inntekter | -113 405 300 | -101 285 600 | -101 610 999 | 325 399 |
| | 4 varek. | 900 000 | 0 | 98 920 | -98 920 |
| | 5 lønn | 93 436 600 | 84 757 500 | 84 423 569 | 333 931 |
| | 6-7 adk. | 12 485 400 | 11 902 400 | 11 577 698 | 324 702 |
| | 8-9 annet | 7 943 600 | 8 551 800 | 8 652 887 | -101 087 |
| | 890 overf. | -1 360 300 | -1 360 300 | -1 360 300 | 0 |
| **Totalt Institutt for biologi** | | **0** | **2 565 800** | **1 781 775** | **784 025** |
| **Senter for geobiologi** | 3 inntekter | -814 000 | -740 500 | -836 553 | 96 053 |
| | 5 lønn | 1 115 100 | 1 012 100 | 1 026 104 | -14 004 |
| | 6-7 adk. | 2 850 700 | 394 900 | 952 988 | -558 088 |
| | 8-9 annet | -834 100 | -666 500 | -382 218 | -284 282 |
| | 890 overf. | -2 317 700 | -2 317 700 | -2 317 700 | 0 |
| **Totalt Senter for geobiologi** | | **0** | **-2 317 700** | **-1 557 379** | **-760 321** |
| **Senter for klimadynamikk** | 3 inntekter | -391 700 | -338 500 | -479 749 | 141 249 |
| | 4 varek. | 0 | 0 | 0 | 0 |
| | 5 lønn | 4 454 000 | 4 063 000 | 7 377 723 | -3 314 723 |
| | 6-7 adk. | 34 388 700 | 31 398 000 | 11 741 365 | 19 656 635 |
| | 8-9 annet | -38 603 500 | -24 694 500 | -15 774 271 | -8 920 229 |
| | 890 overf. | 152 500 | 152 500 | 152 500 | 0 |
| **Totalt Senter for klimadynamikk** | | **0** | **10 580 500** | **3 017 568** | **7 562 932** |
| **NIFES** | 3 inntekter | -1 852 000 | -1 693 400 | -1 485 800 | -207 600 |
| | 5 lønn | 1 601 000 | 1 450 000 | 1 076 816 | 373 184 |
| | 6-7 adk. | 127 000 | 0 | 0 | 0 |
| | 8-9 annet | 124 000 | 113 300 | 96 900 | 16 400 |
| **Totalt NIFES** | | **0** | **-130 100** | **-312 084** | **181 984** |
| **Total sum** | | **0** | **0** | **0** | **0** |

# Norges forskingsråd, budsjett og rekneskap pr. november 2013

| Ansvarsstad | Artsklasse | Årsbudsjett 2013 | Budsjett per november | Rekneskap per november | Avvik per november |
|---|---|---|---|---|---|
| **MN-felles** | 3 inntekter | -27 533 300 | 0 | 0 | 0 |
| | 6-7 adk. | 9 996 600 | -8 036 700 | 0 | -8 036 700 |
| | 8-9 annet | 17 536 700 | 8 036 700 | 0 | 8 036 700 |
| **Totalt MN-felles** | | **0** | **0** | **0** | **0** |
| **Matematisk institutt** | 3 inntekter | -13 817 500 | -12 354 200 | -11 467 484 | -886 716 |
| | 5 lønn | 7 789 300 | 7 075 300 | 6 659 705 | 415 595 |
| | 6-7 adk. | 2 000 000 | 1 721 200 | 2 086 818 | -365 618 |
| | 8-9 annet | 4 028 200 | 3 557 700 | 2 720 961 | 836 739 |
| **Totalt Matematisk institutt** | | **0** | **0** | **0** | **0** |
| **Institutt for informatikk** | 3 inntekter | -16 037 200 | -14 351 400 | -18 901 338 | 4 549 938 |
| | 5 lønn | 5 574 600 | 5 083 800 | 8 407 761 | -3 323 961 |
| | 6-7 adk. | 6 487 000 | 5 927 000 | 7 814 133 | -1 887 133 |
| | 8-9 annet | 3 975 600 | 3 340 600 | 2 679 443 | 661 157 |
| **Totalt Institutt for informatikk** | | **0** | **0** | **0** | **0** |
| **Institutt for fysikk og teknologi** | 3 inntekter | -33 214 000 | -29 895 200 | -29 460 092 | -435 108 |
| | 5 lønn | 14 716 000 | 13 374 000 | 13 979 794 | -605 794 |
| | 6-7 adk. | 8 330 000 | 7 636 200 | 9 399 704 | -1 763 504 |
| | 8-9 annet | 10 168 000 | 8 885 000 | 6 080 594 | 2 804 406 |
| **Totalt Institutt for fysikk og teknologi** | | **0** | **0** | **0** | **0** |
| **Kjemisk institutt** | 3 inntekter | -9 177 100 | -7 630 200 | -8 074 634 | 444 434 |
| | 5 lønn | 4 474 400 | 3 982 200 | 3 010 919 | 971 281 |
| | 6-7 adk. | 2 700 000 | 2 079 000 | 3 763 607 | -1 684 607 |
| | 8-9 annet | 2 002 700 | 1 569 000 | 1 300 108 | 268 892 |
| **Totalt Kjemisk institutt** | | **0** | **0** | **0** | **0** |
| **Molekylærbiologisk institutt** | 3 inntekter | -4 167 000 | -5 938 000 | -5 438 600 | -499 400 |
| | 5 lønn | 3 715 000 | 3 331 000 | 3 153 567 | 177 433 |
| | 6-7 adk. | 1 100 000 | 1 000 000 | 864 982 | 135 018 |
| | 8-9 annet | -648 000 | 1 607 000 | 1 420 051 | 186 949 |
| **Totalt Molekylærbiologisk institutt** | | **0** | **0** | **0** | **0** |
| **Geofysisk institutt** | 3 inntekter | -37 566 000 | -33 140 800 | -21 674 245 | -11 466 556 |
| | 5 lønn | 8 625 000 | 7 862 000 | 7 799 053 | 62 947 |
| | 6-7 adk. | 24 822 000 | 21 583 200 | 8 126 346 | 13 456 854 |
| | 8-9 annet | 4 119 000 | 3 695 600 | 5 748 846 | -2 053 246 |
| **Totalt Geofysisk institutt** | | **0** | **0** | **0** | **0** |
| **Institutt for geovitenskap** | 3 inntekter | -13 000 000 | -11 643 000 | -9 203 463 | -2 439 537 |
| | 5 lønn | 5 400 000 | 4 849 000 | 5 852 152 | -1 003 152 |
| | 6-7 adk. | 5 800 000 | 5 164 000 | 1 188 308 | 3 975 692 |
| | 8-9 annet | 1 800 000 | 1 630 000 | 2 163 002 | -533 002 |
| **Totalt Institutt for geovitenskap** | | **0** | **0** | **0** | **0** |
| **Institutt for biologi** | 3 inntekter | -41 180 700 | -36 783 500 | -33 077 624 | -3 705 876 |
| | 5 lønn | 17 080 500 | 15 471 900 | 17 244 837 | -1 772 937 |
| | 6-7 adk. | 12 000 000 | 10 327 300 | 5 228 925 | 5 098 375 |
| | 8-9 annet | 12 100 200 | 10 984 300 | 10 603 863 | 380 437 |
| **Totalt Institutt for biologi** | | **0** | **0** | **0** | **0** |
| **Senter for geobiologi** | 3 inntekter | -4 307 200 | -3 754 200 | -4 219 120 | 464 920 |
| | 5 lønn | 798 500 | 724 600 | 899 488 | -174 888 |
| | 6-7 adk. | 6 920 000 | 5 524 000 | 4 999 067 | 524 933 |
| | 8-9 annet | -3 411 300 | -2 494 400 | -1 679 435 | -814 965 |
| **Totalt Senter for geobiologi** | | **0** | **0** | **0** | **0** |
| **Senter for klimadynamikk** | 5 lønn | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Totalt Senter for klimadynamikk** | | **0** | **0** | **0** | **0** |
| **Total sum** | | **0** | **0** | **0** | **0** |

# Andre bidrag, budsjett og rekneskap pr. november 2013

| Ansvarsstad | Artsklasse | Årsbudsjett 2013 | Budsjett per november | Rekneskap per november | Avvik per november |
|---|---|---|---|---|---|
| **MN-felles** | 3 inntekter | 10 252 100 | -3 745 900 | -2 906 951 | -838 949 |
| | 4 varek. | -295 000 | -290 000 | 0 | -290 000 |
| | 5 lønn | 2 307 200 | 2 096 700 | 1 841 435 | 255 265 |
| | 6-7 adk. | -13 185 800 | 1 101 500 | 328 912 | 772 588 |
| | 8-9 annet | 921 500 | 837 700 | 736 604 | 101 096 |
| **Totalt MN-felles** | | **0** | **0** | **0** | **0** |
| **Matematisk institutt** | 3 inntekter | -3 866 100 | -3 418 900 | -2 887 296 | -531 604 |
| | 5 lønn | 1 416 600 | 1 288 800 | 1 152 414 | 136 386 |
| | 6-7 adk. | 2 000 000 | 1 721 200 | 1 359 279 | 361 921 |
| | 8-9 annet | 449 500 | 408 900 | 375 602 | 33 298 |
| **Totalt Matematisk institutt** | | **0** | **0** | **0** | **0** |
| **Institutt for informatikk** | 3 inntekter | -1 105 900 | -969 500 | -3 782 623 | 2 813 123 |
| | 4 varek. | 15 000 | 10 000 | 0 | 10 000 |
| | 5 lønn | 785 300 | 716 100 | 1 993 651 | -1 277 551 |
| | 6-7 adk. | 700 400 | 611 400 | 1 209 069 | -597 669 |
| | 8-9 annet | -394 800 | -368 000 | 579 903 | -947 903 |
| **Totalt Institutt for informatikk** | | **0** | **0** | **0** | **0** |
| **Institutt for fysikk og teknologi** | 3 inntekter | -22 527 300 | -22 756 000 | -14 970 411 | -7 785 589 |
| | 5 lønn | 5 650 000 | 5 165 000 | 5 097 248 | 67 752 |
| | 6-7 adk. | 16 560 500 | 15 180 000 | 7 338 163 | 7 841 837 |
| | 8-9 annet | 316 800 | 2 411 000 | 2 535 000 | -124 000 |
| **Totalt Institutt for fysikk og teknologi** | | **0** | **0** | **0** | **0** |
| **Kjemisk institutt** | 3 inntekter | -2 257 000 | -1 986 900 | -2 511 450 | 524 550 |
| | 5 lønn | 442 200 | 396 900 | 550 785 | -153 885 |
| | 6-7 adk. | 869 800 | 758 000 | 908 946 | -150 946 |
| | 8-9 annet | 945 000 | 832 000 | 1 051 719 | -219 719 |
| **Totalt Kjemisk institutt** | | **0** | **0** | **0** | **0** |
| **Molekylærbiologisk institutt** | 3 inntekter | -9 384 000 | -8 172 000 | -7 295 308 | -876 692 |
| | 4 varek. | 280 000 | 280 000 | 0 | 280 000 |
| | 5 lønn | 5 513 000 | 5 021 000 | 4 364 890 | 656 110 |
| | 6-7 adk. | 3 122 000 | 2 904 000 | 2 320 114 | 583 886 |
| | 8-9 annet | 469 000 | -33 000 | 610 304 | -643 304 |
| **Totalt Molekylærbiologisk institutt** | | **0** | **0** | **0** | **0** |
| **Geofysisk institutt** | 3 inntekter | -7 890 000 | -6 972 200 | -8 004 039 | 1 031 839 |
| | 5 lønn | 2 398 000 | 2 192 000 | 2 898 096 | -706 096 |
| | 6-7 adk. | 4 944 000 | 4 276 200 | 4 334 677 | -58 477 |
| | 8-9 annet | 548 000 | 504 000 | 771 266 | -267 266 |
| **Totalt Goefysisk institutt** | | **0** | **0** | **0** | **0** |
| **Institutt for geovitenskap** | 3 inntekter | -54 000 000 | -50 467 100 | -43 711 859 | -6 755 241 |
| | 4 varek. | 0 | 0 | 11 125 | -11 125 |
| | 5 lønn | 13 100 000 | 11 841 000 | 11 498 585 | 342 415 |
| | 6-7 adk. | 33 700 000 | 32 260 000 | 25 481 237 | 6 778 763 |
| | 8-9 annet | 7 200 000 | 6 366 100 | 6 720 911 | -354 811 |
| **Totalt Institutt for geovitenskap** | | **0** | **0** | **0** | **0** |
| **Institutt for biologi** | 3 inntekter | -9 221 800 | -8 131 300 | -9 121 237 | 989 937 |
| | 5 lønn | 2 519 400 | 2 238 900 | 3 952 118 | -1 713 218 |
| | 6-7 adk. | 5 250 000 | 4 517 400 | 3 361 352 | 1 156 048 |
| | 8-9 annet | 1 452 400 | 1 375 000 | 1 807 766 | -432 766 |
| **Totalt Institutt for biologi** | | **0** | **0** | **0** | **0** |
| **Senter for geobiologi** | 3 inntekter | 0 | 0 | -2 612 | 2 612 |
| | 5 lønn | 0 | 0 | 318 060 | -318 060 |
| | 6-7 adk. | 0 | 0 | 2 612 | -2 612 |
| | 8-9 annet | 0 | 0 | -318 060 | 318 060 |
| **Totalt Senter for geobiologi** | | **0** | **0** | **0** | **0** |
| **Senter for klimadynamikk** | 6-7 adk. | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Totalt Senter for klimadynamikk** | | **0** | **0** | **0** | **0** |
| **Total sum** | | **0** | **0** | **0** | **0** |

# EU, budsjett og rekneskap pr. november 2013

| Ansvarsstad | Artsklasse | Årsbudsjett 2013 | Budsjett per november | Rekneskap per november | Avvik per november |
|---|---|---|---|---|---|
| **MN-felles** | 3 inntekter | -728 600 | -404 000 | 0 | -404 000 |
| | 6-7 adk. | 728 600 | 404 000 | 0 | 404 000 |
| **Totalt MN-felles** | | **0** | **0** | **0** | **0** |
| **Matematisk institutt** | 3 inntekter | -1 144 500 | -1 019 900 | -773 356 | -246 544 |
| | 5 lønn | 620 500 | 563 200 | 559 137 | 4 063 |
| | 6-7 adk. | 400 000 | 344 200 | 98 726 | 245 474 |
| | 8-9 annet | 124 000 | 112 500 | 115 493 | -2 993 |
| **Totalt Matematisk institutt** | | **0** | **0** | **0** | **0** |
| **Institutt for informatikk** | 3 inntekter | -5 321 000 | -4 742 500 | -4 425 762 | -316 738 |
| | 5 lønn | 3 127 500 | 2 839 300 | 2 773 732 | 65 568 |
| | 6-7 adk. | 898 900 | 720 500 | 341 679 | 378 821 |
| | 8-9 annet | 1 294 600 | 1 182 700 | 1 310 351 | -127 651 |
| **Totalt Institutt for informatikk** | | **0** | **0** | **0** | **0** |
| **Institutt for fysikk og teknologi** | 3 inntekter | -2 167 200 | -1 933 000 | -1 603 861 | -329 139 |
| | 5 lønn | 1 678 000 | 1 492 000 | 581 192 | 910 808 |
| | 6-7 adk. | 252 200 | 231 000 | 748 461 | -517 461 |
| | 8-9 annet | 237 000 | 210 000 | 274 207 | -64 207 |
| **Totalt Institutt for fysikk og teknologi** | | **0** | **0** | **0** | **0** |
| **Kjemisk institutt** | 3 inntekter | -663 900 | -539 300 | -452 715 | -86 585 |
| | 5 lønn | 467 900 | 377 300 | 274 592 | 102 708 |
| | 6-7 adk. | 180 000 | 150 000 | 160 013 | -10 013 |
| | 8-9 annet | 16 000 | 12 000 | 18 110 | -6 110 |
| **Totalt Kjemisk institutt** | | **0** | **0** | **0** | **0** |
| **Molekylærbiologisk institutt** | 3 inntekter | 0 | 0 | -490 867 | 490 867 |
| | 5 lønn | 0 | 0 | 254 131 | -254 131 |
| | 6-7 adk. | 0 | 0 | 192 111 | -192 111 |
| | 8-9 annet | 0 | 0 | 44 624 | -44 624 |
| **Totalt Molekylærbiologisk institutt** | | **0** | **0** | **0** | **0** |
| **Geofysisk institutt** | 3 inntekter | -7 359 000 | -6 688 300 | -5 936 338 | -751 962 |
| | 5 lønn | 3 134 000 | 2 907 000 | 3 128 188 | -221 188 |
| | 6-7 adk. | 2 165 000 | 1 875 300 | 772 715 | 1 102 585 |
| | 8-9 annet | 2 060 000 | 1 906 000 | 2 035 435 | -129 435 |
| **Totalt Geofysisk institutt** | | **0** | **0** | **0** | **0** |
| **Institutt for geovitenskap** | 3 inntekter | -3 000 000 | -2 602 000 | -936 722 | -1 665 278 |
| | 5 lønn | 1 500 000 | 1 398 000 | 1 159 662 | 238 338 |
| | 6-7 adk. | 1 300 000 | 1 030 000 | -338 928 | 1 368 928 |
| | 8-9 annet | 200 000 | 174 000 | 115 987 | 58 013 |
| **Totalt Institutt for geovitenskap** | | **0** | **0** | **0** | **0** |
| **Institutt for biologi** | 3 inntekter | -5 615 800 | -5 098 800 | -5 087 403 | -11 397 |
| | 5 lønn | 1 894 400 | 1 783 900 | 2 005 795 | -221 895 |
| | 6-7 adk. | 1 500 000 | 1 290 800 | 1 176 063 | 114 737 |
| | 8-9 annet | 2 221 400 | 2 024 100 | 1 905 546 | 118 554 |
| **Totalt Institutt for biologi** | | **0** | **0** | **0** | **0** |
| **Total sum** | | **0** | **0** | **0** | **0** |

# Oppdrag, budsjett og rekneskap pr. november 2013

| Ansvarsstad | Artsklasse | Årsbudsjett 2013 | Budsjett per november | Rekneskap per november | Avvik per november |
|---|---|---|---|---|---|
| **MN-felles** | 3 inntekter | 3 309 700 | 0 | 0 | 0 |
| | 6-7 adk. | -3 309 700 | 0 | 0 | 0 |
| **Totalt MN-felles** | | **0** | **0** | **0** | **0** |
| **Institutt for informatikk** | 3 inntekter | 0 | 0 | -15 264 | 15 264 |
| | 6-7 adk. | 0 | 0 | 15 264 | -15 264 |
| **Totalt Institutt for informatikk** | | **0** | **0** | **0** | **0** |
| **Institutt for fysikk og teknologi** | 3 inntekter | -1 486 400 | -1 331 600 | -872 852 | -458 748 |
| | 5 lønn | 355 000 | 304 000 | 378 794 | -74 794 |
| | 6-7 adk. | 991 400 | 908 600 | 342 540 | 566 060 |
| | 8-9 annet | 140 000 | 119 000 | 151 518 | -32 518 |
| **Totalt Institutt for fysikk og teknologi** | | **0** | **0** | **0** | **0** |
| **Kjemisk institutt** | 3 inntekter | 0 | 0 | -30 000 | 30 000 |
| | 8-9 annet | 0 | 0 | 30 000 | -30 000 |
| **Totalt Kjemisk institutt** | | **0** | **0** | **0** | **0** |
| **Molekylærbiologisk institutt** | 3 inntekter | 0 | 0 | -212 795 | 212 795 |
| | 6-7 adk. | 0 | 0 | 193 982 | -193 982 |
| | 8-9 annet | 0 | 0 | 18 813 | -18 813 |
| **Totalt Molekylærbiologisk institutt** | | **0** | **0** | **0** | **0** |
| **Goefysisk institutt** | 3 inntekter | -843 000 | -843 000 | -40 404 | -802 596 |
| | 5 lønn | 0 | 0 | 2 860 | -2 860 |
| | 6-7 adk. | 440 000 | 440 000 | 19 912 | 420 088 |
| | 8-9 annet | 403 000 | 403 000 | 17 632 | 385 368 |
| **Totalt Goefysisk institutt** | | **0** | **0** | **0** | **0** |
| **Institutt for geovitenskap** | 3 inntekter | 0 | 0 | -94 308 | 94 308 |
| | 6-7 adk. | 0 | 0 | 94 308 | -94 308 |
| **Totalt Institutt for geovitenskap** | | **0** | **0** | **0** | **0** |
| **Institutt for biologi** | 3 inntekter | -3 980 300 | -3 562 100 | -2 107 867 | -1 454 233 |
| | 5 lønn | 486 300 | 486 300 | 753 672 | -267 372 |
| | 6-7 adk. | 3 000 000 | 2 581 800 | 606 351 | 1 975 449 |
| | 8-9 annet | 494 000 | 494 000 | 747 845 | -253 845 |
| **Totalt Institutt for biologi** | | **0** | **0** | **0** | **0** |
| **Total sum** | | **0** | **0** | **0** | **0** |